



# ULLENSVANG FJELLSTYRE




Foto: Georg Gjøstein

## ÅRSMELDING 2016


Kinsarvik, 22.1.2018


  
Steinar Langesæter

Ragnar Ystanes



Synnøva Sæbø





Jørund Kvestad

Hildegunn Espe



## *Innhald*

Ullensvang statsallmenning .....	3
Ullensvang fjellstyre 2016-2019 .....	3
Hardangervidda fjelloppsyn .....	3
Fjellstyrehytter .....	4
Utleige av fjellstyrehyttene .....	4
Villreinjakt .....	4
Elgjakt .....	5
Småviltjakt .....	5
Fiske .....	5
Økonomi .....	5



## Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang herad og Odda kommune, og er på 819 km<sup>2</sup>. Delen av statsallmenningen som ligg i Ullensvang herad utgjer om lag 511 km<sup>2</sup>.

## Ullensvang fjellstyre 2016-2019

Medlem:	Vara:
Steinar Langesæter (leiar)	Trond Steine
Ragnar Ystanes (nestleiar)	Jon J. Kråkevik
Hildegunn Espe	Guro Grønsnes Opedal
Synnøva Søbø	Kari Herstad
Jørund Kvestad	Jan Asbjørn Utne

Fjellstyret hadde i 2016 fire møte. Det blei handsama 21 saker. Det blei i 2016 jobba med fleire byggeprosjekt. Ombygging av fjellstyrehytta på Raudåna blei sett i gang, og ny fjellstyrehytta ved Nedsta Krokavatnet, ombygging av oppsynshytta på Raudåna og ny do på Hansbu blei planlagt.

Fjellstyret har brukt heimesida til å informere om vedtak gjort av fjellstyret, samt reinsjakt, fiske og hytteutleige.

Representant i villreinutvalet: Ragnar Ystanes

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Steinar Langesæter (vara Ragnar Ystanes)

Styremedlem i Norges Fjellstyresamband: Steinar Langesæter

## Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Ullensvang fjellstyre leiger sekretærtjenester frå HF, samt enkelte felttjenester. Sekretærtjenestene har blitt utført av Trine Hilstad og Sveinung Olsnes.



## Fjellstyrehytter

Ullensvang fjellstyre har 7 hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet, og har sett opp ein lavvo ved Midtra Grøndalsvatn.

Fjellstyrehytter:

Ullsbu (Hansbu)

Rogdabu (Hansbu)

Oppsynshytta på Hansbu                    Leigd ut til Hardangervidda Fjelloppsyn

Naustet (Nedsta Krokavatnet)

Raudåna

Raudåna – oppsynshytta

Persbu (Øvsta Bjørnavatnet)

## Utleige av fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene blir leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv, hovudsakleg i sommarhalvåret.

Hytte	Pris pr. døgn pr. person
Ullsbu	120,-
Rogdabu	80,-
Naustet	100 / 40 (ulåst del)
Raudåna	120,-
Raudåna – oppsynshytta	110,-
Persbu	100,-

Hytteleiga utgjorde **50 180,-** i 2016.

## Villreinjakt


Kvota for Hardangervidda var i 2016 8008 dyr fordelt på 1203 frie dyr og 6805 simle/ungdyr. På kvart simle-/ungdyrkort kunne det i tillegg fellast ein kalv. Ullensvang fjellstyre hadde ei kvote på 76 frie dyr og 433 simle-/ungdyr. Det blei felt til saman 148 dyr på Ullensvang fjellstyre sine kort: 31 kalv, 22 ungdyr, 73 vaksen simle og 22 vaksen bukk.

Fredingssone som blei oppretta i 2013 gjaldt også i 2016.

Kortprisar:

	Innanbygds	Utanbygds
Fritt dyr	1700,-	3400,-
Simle/ungdyr inkl .kalv	1500,-	3000,-

Det blei selt kort for **1.245.780,-** i 2016.



## Elgjakt

Ullensvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullensvang statsallmenning. Elgjakta blir leigd vekk til eit jaktlag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2016 var kvota på ein vaksen okse og ein kalv. Det blei ikkje felt dyr dette året.

## Småviltjakt

Småviltjakta blir administrert av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Fellesstyret freda rypa for jakt sesongane 2016-17 og 2017-18. Omfanget av småviltjakt har difor vore svært avgrensa dette året.

## Fiske

Sal av fiskekort blir administrert av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Meir utfyllande informasjon om fiske i årsmeldinga frå Fellesstyret.

## Økonomi

Fjellstyret hadde i 2016 ein omsetnad på 1 341 038,-. Utgiftene var på 701 207,-, noko som gav eit solid overskot på 639 830,-. Sal av reinskort utgjer den desidert største inntektsposten, og økonomien til fjellstyret er i stor grad styrt av storleiken på villreinkvota.

